

Det er frå midnatt til natta (frå 15. juni) at fisket startar i Uskedalselva og oppsynsmann Arne Terje Haugland veit om fleire som vil prøve fiskelukka heilt frå start.

Utsiktene er kanskje ikkje dei beste, med lita vassføring og nordavind, men dei ivrigaste fiskarane bryr seg gjerne ikkje så mykje om det.

I alle fall står det mykje fin aure ved munningen av elva og den har sikkert tenkt seg oppover! I fjor var det opptil 10 fiskarar i området nedafor Djupehølen den første fiskenatta.

Ellers noterer vi oss at grunn- og elveeigarlaget er litt seint ute med å skifta ut plakatar. På plakat-tavla nede i sentrum er 2008 rett nok provisorisk retta til 2009, men det er ikkje skjedd oppe i dalen. Der står det framleis 2008. Difor er det viktig å presisera at kortprisane er uendra frå i fjor.

Eit årskort kostar 1.000 kroner og eit døgncort 225 kroner. I desse summane inngår eit depositum på 500 og 100 kroner som ein får att etter sesongen.

Fiskekort kan ein som tidlegare år få kjøpt på Rabben Feriesenter, Auto 88 (bensinstasjonen) eller SPAR (butikken), men kortet er sjølvstilt ikkje gyldig hvis ein ikkje har betalt fisketrygdavgifta på førehand. Og hvis ein ikkje har fiskekortet med, må ein ut med eit gebyr på 1.000 kroner.

Vi hører at også folk frå andre kommunar er klare for fiske i Uskedalselva, der det vart teke meir fisk i fjor enn i alle dei andre Kvinnherad-elvane tilsaman.

Difor er det berre å ynskje tvi-tvi!

Til slutt eit godt råd til: Hvis du tek fisk, så meld frå om fangsten til oss (uskedalen.no) så snart som mogeleg eller send oss bilete av fiskar, fangst og fangstreiskap.

Av Ola Matti Mathisen



Vassføringa er lita om dagen. Biletet vart teke søndag kveld ved Haugland gamle skule. (Foto: Ola Matti Mathisen)